

Kyrjeklokka

Nr. 3 - 2014

Kyrkeblad for Hornindal, Innvik og Stryn prestegjeld

78. årgang

Lærarstudent med interessant hefte om Hornindal kyrkje

Emilie Hofseth frå Hornindal er student ved Høgskulen i Bergen, avd. Lærarutdanning.

I vår avslutta ho si forprøve i RLE-faget. Som emne valde ho å skrive om Hornindal kyrkje.

I det vesle heftet - som no er tilgjengeleg for interesserte - møter vi eit breitt register av emne omtala i kortform. Her er tema som arkitektur, inventar, fargar i kyrkja. Her les vi om eldre og nyare kyrkje-kunst og kyrkjetekstilar og symbolikken i desse.

Vidare er det omtale av m.a. Teiknebrettprosjektet, Lysbrua, Prosesjonskrossen, og om utflytta honndøler i



Emilie Hofseth.

USA som finansierte det første orgelet i 1906. Vi les om kyrkjegarden og om preseselet på Kirhornsetra og om katekestillinga og samarbeidet kyrkje-skule. Forfattaren har nytta både skriftlege og munnlege kjelder, m. a. kateket Beate Nes og mangeårig soknerådsleiar Halfdan Lødemel.

Emilie Hofseth har laga eit oversiktleg hefte i tiltalande form med rike opplysningar og lettlesen tekst, illustrert med fargefoto. Det har alleire blitt brukt av skuleklasser. Det er positivt og lovande at det er ein ungdom som står bak eit slikt arbeid. Oftast er

det eldre personar med historiske interesser som tek opp slike emne. Er dette eit teikn på at vi får ein ungsog som supplerer tuntrea når det gjeld hystria om kyrkjeleg liv og arbeid i bygdene våre?

Heftet vil i første omgang vere å finne på Hornindal Bibliotek, Kyrjekontoret på SMIA og i Hornindal kyrkje. Takk for flott arbeid, Emilie!

Jon Ytrehorn

Andre delen av artikkelen til Emilie Hofseth heier *Korleis er samarbeidet mellom den lokale grunnskulen og kyrkja?* Og den vil kome i neste nummer av Kyrjeklokka.

Eit bronserelieff ved Lillehammer kyrkje



For eit par år sidan la Svein Sindre med undring merke til at på innsida av den nordlege kyrkjegardsmuren står ei avstøyping av ein sentral del av altertavla i hans heimlege Hornindal kyrkje. Då kom sjølvstøyping til Lillehammer?

Side 2 og 3

Naustmessa ved Bergsetnausta 2014

Bløminga var over for i år, men engblomane sto flott rundt den elles rydda og nyslegne Skreddarplassen. Dei gamle skjeggete apaljane står der med lysegrøne blad. I år var det sommaren som viste seg frå si gode side, den 17. naustmessa på rad.

Side 5



Altertavla i Hornindal, som også vart gravminne på Lillehammer

Av Svein Sindre

For eit par år sidan la eg med undring merke til at på innsida av den nordlege kyrkjegardsmuren ved Lillehammer kirke står eit bronserelieff som er ei avstøyping av ein sentral del av altertavla i mi heimlege Hornindal kyrkje. Då kom sjølvstøyping spørsmålet: Korleis kom ei bronseavstøyping hit til Lillehammer?

Dette førde meg inn i interessant historisk stoff der to markerte kunstnarar er involverte. Bronserelieffet er eit gravminne over Rolf Lunde og tre andre familiemedlemer. Namna står på ei liggande steinplate framfor relieffet.

Rolf Lunde (1891 – 1928) var biletkunstnar, teiknar, målar og skulptør. Han

vart altså ikkje meir enn om lag 37 år gammal. Altertavla i Hornindal er laga av Dagfin Werenskiold (1892 – 1977). Også han allsidig kunstnar. Om lag jamgamle og studiekameratar frå inn- og utland må vi rekne med at desse to var gode vener. I ein artikkel på nettet har eg funne at det var Werenskiold som rådde Lunde til å satse meir på skulptur enn på måleri. Det kan Lillehammer vere glad for.

På Lilletorget tronar bygrunnleggaren Claus Wiese høgt på sin sokkel. Ein stau som er rekna for å vere ein av dei fremste «frakkemenn» innan skulpturkunsten her i landet. Den berrfotte «Tårn-Petter» står traust på fortaket i krysset Kirkegata – Langes gate. I 1960 kom også «Tårn-Petter» på plass utanfor Nasjonalgalleriet i

Oslo der Lunde er representert både med portrettbyster og teikningar. For dei som ønskjer å vite meir om han, tilrår eg artiklar på nettet eller eit besøk på Lillehammer bibliotek. Serleg ei bok i serien «Kunst og kultur» av Dyre Vaa.

Så til altertavla

Sokneprest Jon Johnson (1900 - 1965) hadde sitt første soknekall i Hornindal frå 1924 saman med kona Alhed. Begge ivra for meir utsmykking av kyrkja som m.a. mangla altertavle. Alhed skipa i 1929 eit Jentelag til kyrkja sin prydnad. Jon var interessert i treskjering og tok kontakt med venen Dagfin Werenskiold som alt var kjend gjennom fleire større utsmykkingsoppdrag. Han hadde nett då



ferdig «Det blomstrende kors», eit dekorert trerelieff som måtte reknast som uoppnåeleg å skaffe pengar til i Hornindal. Johnson fekk låne det for å kopiere til altertavle. Året etter var Johnson ferdig med utskjeringa, men kjende seg ikkje god nok til å stå for målinga, og inviterte difor Werenskiold til Hornindal for å ta seg av det. Han kom til Hornindal og vart så begeistra for kopien at han generøst tilbød originalen gratis til Hornindal kyrkje mot at han fekk med seg kopien. Den vart seinare dekorert og sett opp i Sørkedalen kapell. Werenskiold si tavle vart vigsla i Hornindal kyrkje 10. april 1932. Bygdekunstnaren Rasmus R. Kirkhorn (1886 – 1965) har skore ut ramma og innskrifta under tavla: Ver tru alt til døden så vil eg gjeva deg livsens krana. (Openb. 2,10)

Støypeform til bronserelieff


Dermed hadde Werenskiold ein umåla kopi av den rektangulære delen av tavla. Så langt har eg ikkje kome i kontakt med personar som kan stadfeste teorien min som er slik: Kopien er brukt til å lage støypeform av, og dermed kunne bronserelieffet støypast.

Om det er Werenskiold åleine, eller saman med kunstnarverner og/eller familien til Rolf Lunde som har teke initiativet til, og kostnaden med få dette på plass som gravminne, veit eg ikkje. Heller ikkje når dette skjedde, men det må ha vore ein gong etter 1932. Det er eit verdig og vakkert gravminne, diskret plassert opp mot kyrkjegardsmuren slik at det ikkje skil seg negativt ut i høve til kyrkjegarden elles. Sommarstid legg ein frodig eføy seg som ei naturleg ramme over toppen og på sidene av tavla som er 250 cm brei og 130 cm høg.

Ei symbol- og fargerik altertavle

Dagfinn Werenskiold si altertavle er svært symbol- og fargerik. Sentralt er Kristi kors, her tolka som det nye livstreet (1 Mos 2,9. Openb. 2,7). Difor namnet Krossen i bløming. Midt i korset finn vi lammet med sigersfane. Bilete på Kristus som offerlam, og fana som teikn på at han sigra over døden. Nedst på den vertikale korsarmen er eit tre med åtte frukter. Det skal vise til Matt 5, 3 – 10, der Jesus pri-sar læresveinane sæle i åtte lovnadsord.

Åttetalet er også eit heilagt tal som m.a. viser til den åttande dagen, då Jesus stod opp frå dei døde. Sju forgylte englar fell



Altertavla i Hornindal kyrkje.

oss lett i augo, to og to knelande på kvar side av korsfoten, ein i kvart av dei av dei nedre hjørna og ein oppe til venstre. Sjutalet er eit viktig tal i Bibelen, 3 + 4, tretalet for den tre-einige Gud og fire er verda med fire verdshjørne. 7-talet er symbol for fellesskapet mellom Gud og alle menneske og himmel og jord. Ut frå enden av korsarmane er det spirande grønne blad der vi finn fem femblada raude roser. Eit klassisk symbol på Kristi fem sårmerke. Fem duer flyg også mellom blad og blomster. Det kan vere fredsduer, og ei av dei kan vere den som kom attende til Noa med eit blad i nebbet (1 Mos 8. 8 – 11).

I øvre delen av den ståande korsdelen er ei forgylt tolvtakka stjerne på raud botn. Tolvalet går også att i Bibelen, dei tolv Jakob-sønene, opphavet til dei tolv jødiske stammene, og ikkje minst dei tolv apostlane. Over den rektangulære delen av tavla i ein halvsirkelforma topp står den Kristus i soloppgangen med løfta hender. Den høgre lyser velsigning, den venstre held han som ei innbyding: Kom til meg.

Ei mektig altertavle som ved betraktning og ettertanke utgjør ei heil Gudstene åleine. Eit kunstverk så stort og kostbart at det vel er langt mellom dei landsens kyrkjer som har noko slikt å vise til. Tavla gjer seg godt mot den trekvite austveggen i kyrkja. Vel verdt eit besøk om du fer forbi.

Jon Johnson drog frå Hornindal til Sør-Odal som kapellan i 1933, seinare vart han kapellan i Ullern menighet og til slutt sokneprest i Uranienborg kirke. Altertavlekopien han hadde skore ut vart dekorert av Dagfin Werenskiold og seinare plassert i Sørkedalen kapell.

Om det finst lesarar som sit inne med utfyllande opplysningar eller spørsmål, er eg interessert i det.

Tlf. 480 53 569

E-post: svein.sindre@gmail.com

Lillehammer, august 2014

Gjenbruk – Glede!

Av Asbjørn Gjengedal

Gjenbruksbutikken på Nordfjordeid er godt i gang. Etter ei festleg opning 12.juni har folk og varer funne vegen inn i det romslege lokalet. Og glade kjøparar med all slags nyttige ting, frå små krystallskåler til store møblar, har reist heim - og kome att. Varene er gåver og arbeidet er uløna; slikt blir det pengar av! Det Norske Misjonsselskap ser til at pengane blir brukte på beste måte, og Gud velsignar innsatsen.

Vi som hittil har halde dette i gang, gleder oss over å vere med. Men vi treng fleire medarbeidarar! Oppgåvene er mange og ulike i denne verksemda. Kvar dag i opningstida er to personar i butikken og tar vel imot kundane. Til det trengst det enno fleire som likar slik teneste. Dei blir sette på ei turnusliste som går nokre månader fram i tida. Så treng vi fleire som kan arbeide på lageret med å ordne og vaske og gjere varene klare til prising. Ei eiga nemnd har den krevjande oppgåva å setje



høveleg pris på kvar vare. Sal av brukte møblar gjev naturleg nok dei største ein-skildbeløpa i kassen. Men nokon må hente inn møblane, og det kan bli tunge løft. Her trengs det karar som kan ta eit tak når det trengst.

Gjenbruk er *in* for tida over heile verda. Og godt er det. Vi må bort frå overforbruk og bruk og kast. Bruksverdien av tusen ting kan formidlast til nye brukarar gjen-

nom gjenbruksbutikken. Og når inntekta av salet går til misjonen, blir det dobbelt meiningsfullt å drive med dette. Innsatsen kjem både skaparverket og frelseverket til gode. I fjor gav dei vel førti gjenbruksbutikkane til NMS ei inntekt på nesten 17 millionar kroner. I år vil vi i Nordfjord vere med å auke inntekta endå meir!

Eit interimsstyre leier denne verksemda i vårt område. Karin Helen Nordvik er styreleiar. Ho tar gjerne imot fleire som melder seg til denne tenesta, svarar på spørsmål og plasserer folk i høvelege arbeidsgrupper. Telefonnummeret hennar er 906 56 466 og Gjenbruk Nordfjord har nummer 970 75 065.

Om ein ikkje vil binde seg til ei turnusliste, er alle som kan gjere ein dugnadsinnsats, velkomne som medarbeidarar. Og så gjeld det å gjere dette tiltaket kjent omkring i bygdene. Folk må få kjenne gleda ved å gje frå seg verdfulle ting, og kundar blir glade når dei finn nett det dei er ute etter. Kom og sjå, og sit gjerne ned og slå av ein prat. Det følgjer mykje glede med gjenbruk!



Gerd Bakke, Karin Helen Nordvik, Marit Myklebust og Kjersti Ness opna kaka på opningsfesten - og så er dei og vel tretti andre i gang med arbeidet!

Kyrkjeklokka

Bladet blir sendt til alle husstandar i Stryn og Hornindal kommunar.

Web: www.kyrkjeklokka.no

Redaktør for dette nummeret er:
Olav R. Faleide,
post@kyrkjeklokka.no

Forretningsfører/abonnement/adresseendring:
John Selmer Skiftesvik,
6788 Olden, tlf. 99 02 80 76
john.skiftesvik@enivest.net

Bankgiro 0538 18 51054
Bankgiro 3795 30 05108
Kontingenten er frivillig.
Vi takkar for betaling og støtte.

Kontortider, telefon, epost

Måndag er sokneprestane sin fridag.

INNVIK prestekontor
Tlf. 57 87 41 23
Mobil 911 84 241
Sokneprest Harald Runde
Kontortid:
Tysdag, torsdag og fredag kl. 10-12
Privat 57 87 41 15
runde.harald@gmail.com

STRYN prestekontor
Tlf. 57 87 48 12
Mobil 948 32 875
Sokneprest Knut Gjengedal
knut.gjengedal@stryn.kommune.no

HORNINDAL prestekontor
Tlf. 57 87 98 33
Mobil 908 83 948
Sokneprest Mari Saltkjel
sokneprest@hornindal.kommune.no

KYRKJEVERJER

Stryn kommune
Lise Katrin Hetle
Tlf. 57 87 48 11
Mobil 913 27 882
lise.hetle@stryn.kommune.no

Hornindal kommune
Anne Lødemel Honningsvåg
Tlf. 57 87 98 34
Mobil 970 84 120
Måndag og torsdag 9-13
anne.honningsvag@hornindal.kommune.no



F.v. Marita Sjøstad Bødal, Inge Asbjørn Haugen, Knut Gjengedal, Harald Runde og Olav Sigurd Gundersen. Framme ved orgelet Oddvar Bergset.

Naustmessa ved Bergsetnausta 2014

Av Knut Sigurd Gald

dei som hadde teke turen gjennom Kvivs-vegtunnelen.

Framhald side 12

Rundt 200 med stort og smått hadde funne vegen til Sølvbergsnausta og Bergsetnausta, som ligg idyllisk side om side nede ved sjøen på Fjelli. Ein del kom med båt, andre gjekk "Berje", dei som er spreke kan gå/springe strekka på rundt 20 minutt. Rekord-deltakinga vart eg fortald er 387, så sann sett var det eit stykke igjen for å nå så stor deltaking, det var plass til mange fleire. Og oppfordringa går til dei som ikkje var der, ta turen neste år. Naustmessa er for alle tre prestegjelda i Indre Nordfjord i tillegg til alle dei andre som har lyst å delta. Og som tidlegare kom dei frå Gloppen, i år òg frå Jølster, det var også



Olav Sigurd Gundersen held preika.



Marita Sjøstad Bødal framfører "Å Store Gud" med tonefølge av Oddvar Bergset.



Av Jon Ytrehorn

Tankar langs vegen ...



Søndagen – er vi i ferd med å misse den?

Denne hausten skal Stortinget ha ein brei gjennomgang av lova om helgedagsfred. Frå fleire hald har det kome krav om endringar. Nokre kommunar ynskjer å få status som turistkommunar slik at dei også er sikra retten til søndagsopne butikkar. Innan handelsstanden er det irritasjon over at visse typar forretningar som blomster- og hage butikkar kan selje hageutstyr og reiskapar på søndag medan butikkar med jernvareavdeling som tilbyr dei same varene ikkje har lov å ha søndagsope. Presset for ei liberalisering av søndagsregelverket er sterkt mot politikarar både sentralt og lokalt.

INGEN LIKAR å bli diskriminerte. Det er forståeleg at handelsstanden i nabo-kommunar til Lom og Voss gjerne vil ha rett til dei same opningstidene som såkalla turistkommunar har. Det er forståeleg at butikkar kjenner det urettferdig at dei må halde stengt når nabo-butikken med same vareutvalet får lov å ha søndagsope. Så er det ikkje like greitt å berre endre lova slik at søndags-handel blir fritt fram for alle som ynskjer der?

DET ER FLEIRE GRUNNAR til å bremse utviklinga mot eit stadig fritt fram for fleire søndagsopne butikkar. Butikkpersonalet sine fagorganisasjonar har motsett seg dette, dei tilsette treng søndagen som fridag saman med familie og vener. Vidare viser fleire kalkyler at ekstrakostnadene ved utviding av søndagsopne blir svære. Det er forbrukarane som må betale dette i form av

høgare prisar. Og for det tredje: Det vil forsterke ei utvikling der søndagen blir meir og meir lik dei andre vekedagane og misser preget av ein annleis dag.

” Kvile i Bibelen er ikkje passivitet. Kvile er fornying av oss som heile menneske med kropp og sjel og ånd.

”IKKJE GJER som vi har gjort her i Amerika” sa nokre slektningar i Minnesota til oss då vi besøkte dei for nokre år sidan. Dei viste oss ein bydel der nær halvparten av butikkane stod tome fordi kundane no strøymde til eit kjempestort handelssenter like ved hovudvegen. Her var det ope både dag og natt året igjennom, også julenatt og påskedag! ”Vi har misst søndagen, den har blitt like hektisk som dei andre dagane i veka. Og det fargerike mangfaldet i bydelen her er borte,” la dei til.

FOR FLEIRE av oss har studiet av Bibelen si tale om kvila og kviledagen – det vi kallar Sabbatsteologien - blitt både tankevekkjande og inspirerande. Kvile i Bibelen er ikkje passivitet. Kvile er fornying av oss som heile menneske med ånd og kropp og sjel.

Kvila og kviledagen er også fornying av dei relasjonar vi står i, det gjeld heim og familie, vener og fellesskap. Kvila og kviledagen er Guds gode handtrykk til oss. Vi er skapte til å leve i den gode vekslinga mellom arbeid og kvile, mellom aktivitet og vekst i indre liv. Seks dagar i veka skal vi arbeide på Skaparens jord. Den 7. dagen skal vi la Skaparen arbeide med oss! Men då må vi setje av tid og rom og finne fellesskap der dette kan skje.

DET GÅR INGEN VEG tilbake til det gamle bondesamfunnet med søndagskvile for trøytte kroppar. Vårt teknologiske samfunn med krav til effektivitet har gjort at vi blir slitne, ikkje av fysisk arbeid, men av stresset og presset vi opplever. Nokre møter veggen og får ein langvarig knekk. Det hektiske livet gjer at vi forsømer å ta vare på oss sjølve og på fellesskapet rundt oss. Vi får ikkje tid til det som er viktig fordi vi først må ta det som hastar!

VÅR TRAVLE KVAR DAG hindrar oss frå å gje stillheita rom. Det blir lite rom for ettertanke og kjensleviv. Kjeldene Gud har gitt oss til vekst i truslivet opplevest fjerne. Våre møte med andre menneske blir lett overflatemøte med lite rom for innleving, omtanke og omsorg. Dette ber i seg ein snikande fare: At vi taper vår sjel! Meisteren sa: ”Kva gagnar det eit menneske om det vinn heile verda men taper si sjel?” (Matteus 16,26.)

ER VI I FERD med å misse søndagen? Eg opplever vi står ved eit vegval: Vil vi følge røysta frå dei som krev stadig meir av personleg fridom for raskt å tilfredsstille sine behov? Eller er vi villige til å forsake og avstå frå eit slikt livsmønster for å gje sjel og sinn ro til ettertanke og modning? Slik at vi kan styre våre liv mot rikare fellesskap både med Gud og menneske?

Tida er komen til å verne om - og fornye søndagen. Den tåler ikkje meir utarming!

Sabbaten vart til for mennesket og ikkje mennesket for sabbaten.

Jesu svar til farisearane etter at han på ein sabbat let læresveinane ete seg mette på aks ute på ein åker dei gjekk forbi. Mark 2,27

I framtida vil menneska vise si storheit - ikkje gjennom alt nytt vi er i stand til å utvikle, men gjennom kva vi er villige til å forsake!

Tysk filosof

Mari er komen heim

Av Brynhild Lund Notøy

Kva vil du eg skal gjere for deg?

Soknepresten vår - Mari Saltkjel - har kome tilbake til Hornindal saman med familien sin. Ho seier det er heilt nydeleg. Ho har i grunnen lengta tilbake lenge. Så har ho kome og fått ein draumesommar. Dei har vore mykje ute og det har gått i leik og kos. Borna har fått oppleve sommaren på landet slik ho gjorde då ho var lita. Alle har funne seg fort til rette og alle trivst. Mari kjenner at ho høyrer heime her. Så har ho kome heim til ei heilt ny bygd. Under planlegginga av Kvivsvegen var ho litt skeptisk, men det er heilt fantastisk. Det har vorte eit flott anlegg, og å kome til bygda no, er ei heilt anna verd enn då ho reiste.

Mari føler seg godt motteken som prest. Ho har forandra seg desse åra ho har vore borte. Det gjer at ho vil prioritere annleis enn då ho var her sist. Arbeidet i kyrkjelydane er viktigast. Kyrkja er i ein utfordrande prosess no når det ikkje er ei statskyrkje lenger. Då må vi spørje: Kven er vi, kva ønskjer vi å vere, korleis skal kyrkja vår vere?

Det tek tid å forankre nye målsetjingar, og det er viktig at kyrkjelydane er med i det arbeidet. I tider med nedskjeringar er det ikkje så lett å motivere og engasjere. Solidaritetstanken må vere å sjå det store ansvaret som ein ressurs. I vår velstand må vi ikkje tenkje kortsiktig. Den kollektive ånda har vi eller våre medmenneske kanskje ikkje bruk for i dag - men vi må ikkje gløyme at på eit eller anna tidspunkt kan vi få bruk for den.

Då er det viktig at vi har vore med å utvikle kyrkja så ho kan dekkje dei behova vi har. I Sverige har dei gjennom denne prosessen, og det kan vere lurt å lære av deira erfaringar. Alle reformer har ein djupare klang, og det berande må vere ærlegdom og sanning.

Mari har fått med seg noko av den kyrkjedebatten vi har hatt. Kyrkja skal ta stilling til vanskelege spørsmål, og då trengst det gode prosessar. Demokrati er viktig, men av og til må ein spørje seg sjølve kor lenge er det teneleg å halde ein debatt gåande? Stundom er det vanskeleg å tenkje høgt, og media, som er ein viktig del av kvardagen vår, har ikkje alltid dei vinklingane som ein ønskjer når ein prøver å formidle tankane sine. For kyrkja er det viktig



17. mai 2014. Sverre Saltkjel (3), Mari Saltkjel, Andreas Carlborg, Oddny Saltkjel (1).

å vere balansert og truverdig, og det må vere lov å drøfte alle typar spørsmål.

Jesus spør: Kva vil du eg skal gjere for deg?

Mari har eit mål om å få folk til å lese meir i Bibelen. Det er ei fantastisk bok der ein kan sanke mykje kunnskap. Kunnskap er grunnleggande for å kunne danne seg eigne meiningar. Bibelen kan utfordre tankane våre, og den er ein intellektuell og åndeleg stimulans. Mari er glad for at kyrkja har lagt så stor vekt på trusopplæring for born og unge. Både dei og vi vaksne treng å verte nysgjerrige på Bibelen og gjere oss opp eigne meiningar. Andre kan tolke Bibelen for oss, men eigne tankar om bodskapen kan vere like viktig. For Mari er det viktig å ha respekt for folk sine opplevingar, og då kan ho òg spørje: Kva vil du eg skal gjere for deg? Mari sin refleksjon er at det er ikkje alt ho kan hjelpe med, men ho kan lytte og støtte. Det er viktig at kvar enkelt tek ansvar for handlingane sine både på godt og vondt. Det er lov å gjere feil, og då er det befriande å kunne vere ærleg og bli møtt med respekt og ei felles forståing av det som har hendt. Dette gjeld for både medlemar og ikkje-medlemar i kyrkja.

Mari har tre kyrkjelydar som er forskjellige. Ho er bevisst på at ho skal vere prest for alle. Ho må lære å kjenne det særmerkte med kvar kyrkjelyd og ta det med i prosessen for å få til eit godt fellesskap. No har ho god kjennskap til kyrkjelydane og veit mykje om kva som fungerer,

men Mari understrekar at for å få til utvikling, er ho avhengig av tilbakemeldingar.

Det er viktig at kyrkja følgjer med tida. Uformelle samtale- og/eller temakvelder i tillegg til gudstenestene kan vere med å gjere arbeidet i kyrkjelyden variert og meir spennande. Ved å ha fleire arenaer, kan ein dekkje behovet for fleire. Livet er ei livslang læring og sanking av erfaringar. Vi har ulike behov i ulike fasar, og når ho spør: Kva kan eg gjere for deg, så gjer ho det for å kunne ha omsorg for den enkelte.

Då Mari var her sist var ho med å starte kvinnenettverket i kyrkja. I tillegg var ho med i tillitsmannsarbeidet. No lyt kvinnenettverk og tillitsmannsarbeid klare seg sjølve.

For Mari er det viktig å vere til stades i arbeidet i kyrkjelydane. Ho trur det er ei meining med at ho skulle kome tilbake og ho kjenner ein fysisk konkret fred. Men fred er ikkje noko statisk. Fred er ein livslang prosess. Livet skifter heile tida og Mari vil gjerne hjelpe om nokon treng det.

Vi ønskjer Mari og familien velkomne og lukke til med arbeidet.

Kulturgudstenesta 3. august ved Svor-museet

var fyrste gudstenesta Mari Saltkjel hadde etter at ho kom tilbake som sokneprest i Hornindal.

Gudstenesta skulle vore ute i museumsparken, men på grunn av regnvær vart ho flytta inn i museet. Dette vart ei god løysing, med godt oppmøte av både bygdefolk og tilreisande.

Musikalsk hadde vi med oss Kristine Lødemel på fele og organist Anitha Kvamme. God lyd sytte Nils Petter Liljestøl for.

Etter gudstenesta vert det kyrkjekaffi med frukt og forfriskingar. Dei som ville, kunne vere med på ei orientering og omvising i museet, leia av Jon Ytrehorn.


Korleis Hornindal kyrkje er utforma

Av Emilie Hofseth

Hornindal er ei lita bygd i Nordfjord i Sogn og Fjordane, med 1200 innbyggjarar. Hornindal er eit eige sokn, som høyrer til Nordfjord prosti, og igjen Bjørgvin bispedøme. Kyrkja som står i Hornindal no, vart bygd i 1856. Ho står på Kirkhorn, og før denne kyrkja har det truleg stått tre eller fire kyrkjer før ho. Skulen ligg rett ved kyrkja, og det er difor gode moglegheiter til å nytte seg av ho i rle-undervisninga.

Hornindal kyrkje er ei langkyrkje i tre. Ho har 400 sitjeplassar, men rommar opp til 500 menneske. (Ytrehorn 19.01.14, (personleg korrespondanse)) Kyrkja vart bygd på dugnad, og alle i bygda måtte hjelpe til enten med arbeidskraft eller økonomisk bidrag. Treverket kyrkja er bygd av er lafta tømmer frå skogane i bygda, og tømmerstokkane er saga og høvla for hand. Som dei fleste andre kyrkjer vender korpartiet i Hornindal kyrkje seg også mot aust. Galleriet har U-form. Kyrkjetårnet står midt over kyrkja, over midtskipet. Spiren på tårnet er i kopar, medam den nedste delen er åttekanta og er bygd i tre. Heilt sidan byggeåret i 1856 har kyrkja vore kvitmåla, og ho skal vere ei av dei mest stilreine kyrkjene på vestlandet. (Ytrehorn 19.01.14, (personleg korrespondanse))

Inne i kyrkja finn vi mykje fint inventar. Altertavla er nokså spesiell, og er det mest verdifulle interiøret i kyrkja. Den har ein forsikringssum på over ein million kroner, og er kyrkja sitt største klenodium. Det er kunstnaren Dagfinn Werenskjold som har laga ho. Motivet og tittelen på altertavla er "Krossen i bløming", og er henta frå det som i bibelen blir kalla Livsens tre(1. Mos 2,9 og Openb. 2,7). Bodskapen i "krossen i bløming" er at krossen, ved Jesu død og oppstode, vart totalforandra ved å gå frå eit Dødens tre til å bli eit Livsens tre. Dette treet ber bod om håp og frelse til menneska. Øvste delen av tavla er eit halv-



Altertavla "Krossen i bløming" av Dagfinn Werenskjold.

rundt toppstykke, med motivet frå då Jesus heldt Bergpreika. I nedste del av tavla er orda i Johannes openberring; "Ver tru alt til døden, so vil eg gjeva deg livsens krana" utskore. Det er laga ein kopi av denne altertavla, som i dag står i Sørkedalen kyrkje i Oslo. Den er skoren ut av sokneprest Jon Johnson, prest i Hornindal frå 1925-1933. (Ytrehorn 19.01.14, (personleg korrespondanse))

I førstninga, då kyrkja vart bygd, var dei innvendige veggane trekvite. Men slik som dei utvendige veggane, var taket, galleriet, stoldørene og preikestolen kvitmåla. Rutene i stoldørene og preikestolen skilte seg frå resten ved at dei hadde ein raudprikket farge. På denne tida var ikkje fargen uvanleg på gamle dører og skap i bygda. I åra før århundreskiftet vart trekvitt sett på som fattigmanns farge. I frykt for å framstå som fattig, vart alle veggane måla i orkelgul farge, og alle søylene vart måla i mørk burgunderfarge. I 1956 hadde kyrkja 100-årsjubileum, og riksantikvaren bad om å få fjerna all vegg- og søylemåling. Kyrkja har sidan hatt den trekvite fargen på innvendige veggjar. Elles er benkar og gallerifront måla lyst blågrått, preikestolen, alterringen, lesepulten, døy-

pefonten og offerfonten har grøn hovudfarge med innslag av gult raudt og grønt. (Ytrehorn 19.01.14, (personleg korrespondanse))

I 2006 skulle kyrkja pussast opp i samband med 150-årsjubileumet. Forskjellige slitasjar som flakna måling, slitne benkar og trong om oppfrisking av fargar skulle gjerast noko med. Då mål-arane skrapa vekk nyare mål-ingslag kom det fram noko spennande. Langs alle dei fire veggane fann ein flotte rosedekorasjonar i taket. Taklistene hadde i tillegg sjablongmåling under den eksisterande målinga. Ein visste at dekorasjonane var der, men trudde dei hadde gått tapt i tidlegare målingsstrøk. Dersom ein skulle ha avdekka heile frisa ville det kravd ekstra

lang tid og alt for stive prisar. Difor vart dekorasjonane måla over, men på ein slik måte at dei går an å gjere synleg igjen. Ein liten del av frisa er likevel gjort synleg. (Lødemel, Halvdan. 2006:19,59)

Då lesepulten kom på midten av 1990-talet, vart det med bakgrunn i lokalt initiativ med motivskisser laga tre sett med kyrkjetekstilar i fargane kvitt(symboliserar fest, høgtid og reinleik), lilla(bot og førebuing) og grønt(vekst i tru og liv). (Lødemel, Halvdan. 2006, 89) Kyrkja hadde berre raud messehakel frå før. Dei tre nye tekstilsetta inneheldt tre delar: messehakel til presten, klede til preikestolen og klede til lesepulten. (Ytrehorn 19.01.14, (personleg korrespondanse))

Først i 1906 fekk Hornindal kyrkje orgel. Mange ungdommar hadde tidlegare utvandra til Amerika. Honndølene i Amerika hadde ikkje gløymd heimbygda si, og tok initiativ til ei pengeinnsamling. I 1906 sende dei utvandra honndølene 1518,42 kroner, og seinare 167,28. Resten klarte bygdefolket sjølv å samle inn. Orgelet er frå Olsen og Jørgensen pianofabrikk, og hadde seks stemmer. Det kosta til saman 2350 kroner. I 1968 vart orgelet ombygd



Skulpturane "Mot morgon-røden" og "Bøn" av Anders Svor. (Foto: Bjarne Gulbrandsen)

og utvida til to manualar med 12 stemmer i tillegg til ny spelepult. (Lødemel, Halvdan. 2006:19)

Hornindal er stolte av å kunne seie at bilethoggaren Anders Svor er frå vår bygd. I høve tusenårsskiftet ønskte soknerådet å få til ei gåve frå kyrkjelyden, og gåveønsket var to bronseskulpturar av Svor. Ved 2000-årsjubileet kom det inn gåver nok til å kjøpe bronsesavstøypinga til Anders Svor; om lag 50 000 kroner. Dei to skulpturane

heiter "Bøn" og "Mot morgenrøden". Begge skulpturane framstiller ei naken kvinne i bøn og lovprising til Herren, og begge handlar om bøn, som er viktig for både kyrkja og den einskilde kristne. Skulpturane har stått i kyrkja sidan nytårsdag 2000. (Lødemel, Halvdan. 2006:60)



Tenning av Lysbrua i Hornindal kyrkje under jubileumsgudstenesta 24. september 2006. Foto: Anne-Mari Tomasgard, Sunnmørsposten.

Eit anna nytt inventar i kyrkja er lysgloben, som kom i 2006. Lysgloben kan ein tenne lys i, anten før gudstjenesta, i samband med ofring eller nattverd. Hornindal sokneråd ønskte ei lysglobe helst med lokalt motiv. Difor vart det i samband med 150-årsjubileet i 2006 vedtatt å søkje Bjørgvin biskop om løyve til å laga ein lysglobe i lokalt motiv. Motivet ein ønskte var Hornindalsrokken og den gamle Honndøla bru. (Lødemel, Halvdan. 2006:63) Biskopen bad om grunngjeving for motivvalet før han kunne gi si godkjenning. Det vart vist til at fjellet (Hornindalsrokken) er eit sentralt bibelsk motiv for Gud nærvær og Guds openberring: Fjellet linkar både til Sinaifjellet, der Moses mottok lovtavlene, til Tabor-fjellet, der Jesus openberra sin herlegdom for sine tre nærmaste læresveinar og til fjellet i Galilea, der Jesus gav dåps- og misjonsbodet. Brua har også sentrale bibelske motiv. Julenatt vart brua mellom Gud og menneska opna i Jesus Kristus. Brua er også symbol på vilje til kontakt og fellesskap mellom menneska. "Lysbrua" som ho vert kalla, er dermed ikkje berre eit motiv av det vakre landskapet i Hornindal, men er eit motiv fylt med sentrale bibelske budskapar. (Ytrehorn 19.01.14, (personleg korrespondanse))

I 2011 fekk Hornindal kyrkje prosjesjonskross med det keltiske motivet "solkrossen". Prosjesjonskrossen er laga av bjørk, og utskoren av treskjeraren Rolf Taraldset, som også er frå Hornindal. Krossen vert nytta ved prosesjonar til dåps, konfirmasjons- og andre høgtidsgudstenester. Han står plassert i koret saman med dei to bronseskulpturane. (Ytrehorn 19.01.14, (personleg korrespondanse))

I eit relativt stort område både nord og sør for kyrkja ligg kyrkjegarden. Gravene er plassert slik at dei ligg i aust-vest-retning, der kista vender mot aust. Dette kjem av den gamle symbolikken at den døde skal liggje med andletet vendt mot aust, soloppgangen si himmelretning. (Ytrehorn 19.01.14, (personleg korrespondanse)) Kristus blir i Bibelen beskrive slik: "lyset frå det høge gjesta oss som ein soloppgang og skina for dei som bur i mørker og dødens skugge". (Luk 1, 78-79)

På kyrkjegarden ligg grava til tidlegare nemnt Anders Svor(1864-1929). Ein er ikkje heilt sikre på dødsdatoen til Svor, men den er sett til 2.mai. Svor var ugift og budde aleine i Oslo. Han vart funnen død



Til venstre: Krigsminnemerke, og minnemerke over Anders Svor.

på atelieret sitt 6. mai 1929 ved sidan av ein gipsfigur han arbeidde med. Legen kunne fastslå at dødsårsaka var hjerneslag, og at han døydde fire dagar tidlegare. På gravstøtta hans på Hornindal kyrkjegard er det plassert eit bronserelieff. Vest for hovudinngangen står det ein bautastein. Han er til minne om dei tre honndølene som fall under andre verdskrig. Desse tre var Pål Ytrehorn, Olav Sætren og Martin Melheim. Det var kun Pål Ytrehorn som vart gravlagt på Hornindal kyrkjegard, og på grava hans står det ein bautastein med bronserelieff. (Ytrehorn 19.01.14, (personleg korrespondanse))

Ikkje mange metarane frå kyrkja finn ein prestebustaden. Han vart reist i 1972, etter at den gamle prestebustaden med sveitsisk byggjestil brann langfredag kveld 1970. Inne i prestebustaden låg der viktige kyrkjebøker, som heldigvis berre vart lettare skadd. Ingen personar vart skada. Innsida av bustaden var så skada at det ikkje vart tilrådd å bu der. Tømmerstokane vart tekne ned ein for ein, og ein finn dei i dag på Nordfjord folkemuseum. Det er ønske om å sette opp at den gamle prestebustaden dersom økonomien ein gong tillet det. På kirkhornssætra, ca 30 min gåtur frå prestebustaden, ligg også Presteselet som høyrer til prestebustaden.

Red. merknad:

Når vi har teke med kjeldetilvisingane i denne artikkelen, er det ikkje berre fordi det er eit krav i dei fleste akademiske oppgåver, men også fordi vi trur lesarane finn det interessant å vite kvar opplysningane kjem frå.



Av
*Ann Kristin
Langeland*

Den norske kyrkja har nyleg teke i bruk si nye salmebok. I tillegg til mykje kjent, kjær og

gamalt stoff, inneheld boka 240 nye salmar, det vil seie salmar som aldri har stått i ei offisiell salmebok før. Mange av desse songane er ukjende for dei fleste. Dei er av ulik opphav, alder, sjanger og nasjonalitet, og dei representera eit språkeleg mangfald vi aldri før har sett i ei norsk salmebok. Her er stemmer frå den vide verda, frå norske minoritetar, frå middelalderen og frå norske samtidskunstnarar.

Ei direktesending «minutt for minutt» på totalt 60 timar er under planlegging. Då skal alle dei 899 salmane syngast vers for vers. Frå fredag 28. november sender NRK TV direkte heilt til dei er ferdige ein gong i løpet av søndag 30. november.

Mange spør seg om ein treng ei ny salmebok. Svaret på det er like mangfaldig som boka sjølv. Men tida står ikkje stille, og

Den nye salmeboka vår

nytt sangmateriale vert teke i bruk i kyrkjelydane våre. Nye salmar vert stadig til og då er det heilt naturleg at også salmeboka vert fornya. Kyrkjeklokka har spurt ulike personar om deira kjennskap til den nye salmeboka:

1. *Har du hatt høve til å bli kjend med den nye salmeboka?*
2. *Kva er hovudinntrykket ditt av den nye salmeboka?*
3. *Treng vi ei ny salmebok?*
4. *Korleis bør vi arbeide for å gjere salmeboka kjend i kyrkjelydane våre?*

Henny Koppen

1. Ja, det har eg hatt godt høve til, både i prosessen med å lage den og etter at ho var ferdig. Kjøpte den med ein gong ho kom ut.
2. Variert og fin samling av nye og eldre salmar. Trur utvalet er bra, men her er kanskje litt mange salmar, så boka er blitt stor.
3. Ja, vi treng å bruke nye salmar som har kome til frå innland og utland dei siste åra. Vi kunne kanskje klart oss med alle salmane på nett, men då fell notane ofte bort.
4. Salmekveldar, oppsynging før kvar gudsteneste, og sjølv sagt ved å bruke både nytt og gammalt stoff på alle samlingar.

Anita Kvamme

Vi har ikke tatt den nye salmeboka i bruk enda i Hornindal, så jeg kan ikke uttale meg om den nå.

Bodvar Sølvberg

1. Ja, men berre etter gjennomsyn, og etter dei salmane som har vore brukte ved gudstenester i år.

2. Her er mengder av gode salmar, gamle og nye. Her er mykje å finne, til oppbygging, glede og trøyst. Dei som synest dagane blir lange, bør skaffe seg den nye salmeboka. Bruk gjerne bønneboka frå side 1135. Har enno ikkje vunne på å sakne utelatne salmar. Fint at det er med alternative melodiar til mange salmar.

3. Eg var i tvil om det, men ser at det gjer vi. Her er mange nye gode tekstar, og mange med fleire målføre på same side.

4. Det enklaste, synest eg, er å bruke Kyrkjeklokka, som når flest. Oppmode folk til å bruke Norsk Salmebok til julegåve/fødselsdagsgåve. Hugs på NRK sitt Salmebok program, der heile boka skal syngast (i november). Då må boka ligge klar ved yngestolen.

Nøden står for våre dører

Av *Tone Sæle*

Den nye norske salmeboken ble offisielt tatt i bruk 1. desember 2013 og inneholder blant annet 240 nye salmer. En av disse er salme nr 366 *Nøden står for våre dører*, av Sindre Skeie og Gisle Skeie, sønner av den kjente presten, forfatteren og salmedikteren Eyvind Skeie.

Her blir den nærmere presentert av Estrid Hesselund og Sindre Eide, forlagskonsulenter i Eide forlag, med Norsk salmebok 2013 som særlig arbeidsområde

Nøden står for våre dører (N13 366)

T: Sindre Skeie 2007, 2011

M: Gisle Skeie 2007

Noen ganger skjer det at nøden blir så aktuell og nærværende at til og med en salmedikter må forandre en av sine tekster.



Sindre Skeie.

Det skjedde for Sindre Skeie en dag i Bergen i 2011. Han var med på å planlegge et arrangement som skulle foregå i Johanneskirken. Og her var det meningen at en av hans salmer skulle avslutte kvelden. Han hadde funnet

en passende avslutningssalme, en han selv karakteriserer som en koselig kveldssalme. Men like før arrangementet skulle holdes, søkte 15 asylsøkere tilflukt i kirken. Menighetsrådet bestemte at ingen arrangementer skulle foregå der så lenge de oppholdt seg i kirken.

Arrangementet ble flyttet til et annet lokale og Sindre Skeie opplevde det nå men-

ingsløst å avslutte kvelden med en «kose- lig» kveldssalme. Han fant derfor frem en tidligere tekst, som broren Gisle hadde satt melodi til i 2007, og bearbeidet den. Slik kom nå det første verset til å lyde:

*Nøden står ved våre dører,
banker på og vil bli sett.
Hvem tør åpne opp for Kristus
når en selv er trygg og mett?*

Den opprinnelige versjonen av denne salmen var allerede kommet med blant
Framhald neste side



Gisle Skeie.

Oddny under open himmel

Nær eller langt borte

Vi har opplevd ein sommar som vi berre kunne drøyme om når det gjeld veret. Solskin dag etter dag, ja, veke etter veke. Bær og frukt er solvirka, og sola har bruna nordmennene si bleike hud. Veret har lagt til rette for turar i fjell eller fjøre. Andre har valt verandaen som arena. Vi veit at når hausten kjem, så vert det mindre sol og varme, så fineveret ville vi nyte. Det har også ført til mange nymåla hus som huseigarane er stolte av. Korleis du har hatt det denne solfylte sommaren, veit eg lite om, men eg veit at nokre har streva med sjukdom og smerter. Slik er det alltid.

Tidleg i sommar kom eg over eit avsnitt i ei lærebok i truslære skriven av Per Lønning. Dette har gjeve meg mange tankar. Han stilte spørsmålet: "Hvor langt borte er Gud?" Og han gav dette svaret: "Så langt borte at du ikke med dine

ytterste anspennelser kan nå frem til nederste kanten av hans kappeflik". Neste spørsmål var: "Hvor nær er Gud?" og svaret hans var: "Så nær at du aldri med dine villeste krefter kan flykte fra ham. Gud er så nær at han under alle forhold vet å komme sine barn til hjelp og redning."

Eg har leita og lese om dette emnet i Bibelen i sommar. Eg las om personar som fekk oppleve han nær og fekk høyre hans røyst. Og nærmast menneska kom han då han sende sonen sin til jorda for å brøyte ein frelsesveg. På jorda omgjeikk Jesus menneska ansikt til ansikt. Filip skreiv det kort: Herren er nær. Gjer dykk inga sut for noko! Men legg alt de har å be om fram for Gud i bøn og påkalling med takkseiiing." Fil. 4,5. 'David skreiv ofte: "Min Gud ver ikkje langt borte frå meg", men han var også i situasjon der



han spør: "Kvifor har du forlate meg?"

Du og eg med våre kjensler og tankar er variable. Livet er som bølger eller fjell og dalar. Nokre gonger kjenner vi oss på toppen. Alt er lyst og lett. Andre tider er vi i dalen i skugge, og vi ser vanskar, og då spør vi: Kvar er du Gud? Vi vil så gjerne vere nær når vi treng hjelp. Skulle vi ikkje også søkje han når vi har det aller best. Jakob skreiv: "Hald dykk nær til Gud, så vil han halde seg nær til dykk." Jak. 4,7. Eg har erfart at til meir eg søkjer han, til nærmare er han. Lina Sandell avslutta sin song slik: "Nærmere til deg, til deg, til deg!" Det er fleire som har dette ønsket.

Utvik i juli 2014.

Nøden står for våre dører

Framhald frå side 10

salmene som skulle inn i Norsk salmebok 2013. Skeie henvendte seg til prosjektleder for salmeboken og ba om at salmen nå måtte endres. Heldigvis ble dette godtatt. Den står på nr. 366 og er blitt en av de mange nye diakonale salmer som er på vei inn i menighets-sangen. Den kan synges i sammenheng med alle fire diakonale søyler: nestekjærlighet, inkluderende fellesskap, vern om skaperverket og kamp for rettferdighet. Den utfordrer oss: «Hvem tør åpne opp for Kristus når en selv er trygg og mett?» Og vi ser oss selv i speilet som presten og levitten som skyndte seg forbi da en stakkars mann ble skamslått.

Skeies bønn i vers 2 vender om på tiggerbegrepet: Prøv oss

en gang til! Å herre, om din nåde tigger vi. Det er oss som har behov for å tigge. Tigge om tilgivelse (Kyrie eleison), tigge om hjelp og nåde, tigge om å få troens glød tilbake.

Melodien understreker teksten på forunderlig vis. Spill eller syng de første tonene, og du hører klart en ambulanse eller sirene. Og Kyrie eleison-omkvedet blir som et sunget utropstegn etter hvert vers.

Hør Sindre Skeie selv fortelle historien om da salmen ble endret
<https://www.youtube.com/watch?v=pbhyTbOwOgw>

Se mer informasjon om Norsk salmebok og last ned illustrasjonsbilde på
<http://www.norsksalmebok.no/Presse>

Konfirmantjubileum 2014

Gjennom ei årrekke har det vore tradisjon med konfirmantjubileum i mange kyrkjer.

I Oppstryn hadde desse jubilea si glanstid då Olav Jakob Tveit var sokneprest. 50-, 60- 70- og 80-års konfirmantane vart då inviterte til Oppstryn kyrkje og etter guds-tenesta vidare til Hjelle Hotel. Der vart det servert rømmegraut, kaffi og kaker. Presten hadde ansvaret for heile opplegget, med god hjelp frå Marie Johanne Folven, som då var klokkar.

Oppstryn sokneråd har halde på tradisjonen med å be inn "alle årsklassane" til jubileum, men naturleg nok har det møtt fram flest 50- års konfirmantar.

På soknerådsmøtet den 12. juni i år, vart det bestemt at vi heretter sender ut personleg invitasjon berre til dei som vart konfirmerte for 50 år sidan. Alle dei andre jubilentane er sjølv sagt velkomne til kyrkje, men får ikkje brev i posten!

Som alle veit, har prestane eit stort arbeidspress. Det er derfor rimeleg at konfirmantane sjølve er ansvarlege for den sosiale delen av jubileet.

Konfirmantjubileet er eit fint høve til å møte igjen "lesarkameratane", treffe gamle kjende og minnast dagane for lenge sidan!

Oppstryn sokneråd

Salmen min

Takk til Ragnhild Løddøen for utfordringa. Eg vel meg «Blå salme» av Erik Bye.

Erik Bye, ein av våre fyrste rikskjendi-sar, journalist, visesongar og talsmann for dei svake. Mykje av det han etterlet seg av dikt og viser er prega av levd liv, ei jord-nær haldning men med ein høg himmel over. Erik Bye har fått plass i den nye salmeboka med sin «Blå salme», ein salme som allereie er mykje nytta både i guds-tenester og i gravferder. Salmen er prega av takk for alt det gode, men den er også ei takk for at livet gjev oss utfordringar som gjev perspektiv i livet.

Salmen er metta med vakre setningar som visualiserer tankar kring både liv og død: «livet ror med sakte åretak mot stren-der dit alle dager ror når det blir kveld» og «Jeg synger meg en blå, blå salme når dagen svinger hatten til farvel». Samstun-des peikar salmen framover og gjev håp: «Med løftet hode skal hver sjel gå inn i Herrens tid».

Men kvifor «Blå salme»? Eg veit ikkje,

Ann Kristin
Langeland.



men tenkjer både på den blå musikken - bluesen med sitt vemod og håp, det triste og det glade-, og eg tenkjer på den blå timen med tid og rom for ettertanke og ro. Denne salmen fører tankane mine vidare over til lyrikken, og eg nyttar høvet til å dele dette vakre diktet av Pär Lagerkvist

Det är vackrast när det skymmer

Det är vackrast när det skymmer.
All den kärlek himlen rymmer
ligger samlad i ett dunkelt ljus
över jorden, över markens hus.
Allt är ömhet, allt är smekt av händer.
Herren själv utplånar fjärran stränder.
Allt är nära, allt är långt ifrån.
Allt är givet människan som lån.
Allt är mitt, och allt skall tagas från mig,
Inte något får jag bringa med mig
Träden, molnen, marken där jag går.
Jag skall vandra – ensam, utan spår.

Til neste nummer av *Kyrkjeklokka* inviterer eg Rådgjevar i Kirkens SOS, Lene Hopland Bergset, til å skrive om sin salme.

Blå salme

*Jeg synger meg en blå, blå salme
når dagen svinger hatten til farvel
og ror med sakte åretak mot strender
dit alle dager ror når det blir kveld.
Da søker jeg min hvile, ved treets trygge rot
mens sankthansormer gløder grønt,
i gresset ved min fot.
Da synger jeg min salme.*

*Jeg synger meg en blå, blå salme
og takker for all grøde som ble min.
For lyse døgn, for barneskritt i tunet
og dine gode kjærtegn mot mitt kinn.
Men øg for våkenetter som aldri unte ro
men gav min dag et dunkelt drag
jeg aldri helt forsto.
Nå synger jeg min salme.*

*Jeg synger meg en blå, blå salme
til deg, du Hånd som sanker og som sår
og senker deg med signing over jorden
med legedom for alle våre sår.
Som byr oss rette ryggen stå opp og gå i strid
med løftet hode skal hver sjel
gå inn i Herrens tid.
Så synger vi vår salme.*

Naustmessa

Framhald frå side 5

Og oppfordringa er alvorleg meint frå re-porteren si side, for han er sikker på at alle som var der storkosa seg, både grunna det fine naustmiljøet, flotte sommarværet og dei blømande sommarblomstane, men også grunna sjølve gudstenesta. Den var allsidig med tre engasjerte prestar, to musikarar og ein solist som alle gjorde ein flott innsats. Og så må vi ikkje gløyme dei yngste frå Stryn KFUK-KFUM speidarane som deltok både med ein flott song og engasjement under gudstenesta. Etter speidarleir og ei overnat-ting på Fjellvarden, gjekk dei "Berje" saman med speidarleiarane og enkelte foreldre for å delta. Og når Nordfjord Fritidssenter ser-verer grillmat, har ein sikra matkosen og ein god prat i fjæresteinane.

Marita Sjøstad Bødal, frå Selje framførde vakker solosong i løpet av gudstenesta med

tonefølge av Oddvar Bergset. Ho starta med "Å Store Gud" melodien som Elvis fram-førde på konsertane sine på 1970 talet under tittelen "How Great Thou Art" og som er basert på eit dikt frå 1885 av svenske Carl Gustav Boberg og tonen er ein svensk folkemelodi. Marita framførde to son-gar til.

Inge Asbjørn Haugen på saksofon og Oddvar Bergset på orgel/piano spela under salmane. I år fekk vi på plass eit aggregat som ga straum til høgtalarar og orgel/piano. Det stod å surra inne i eit kratt nedom berg-knausen, utan å forstyrre oss på Skreddar-plassen.

Prestane Harald Runde og Knut Gjenge-dal var medliturgar og tekstlesarar og Olav Sigurd Gundersen held ei engasjerande preike, humoristisk og alvorleg om sann-heita, som ein absolutt skal verte fortalde av andre, eller bruken av "kvite små løgner".

Vidare sa han det var ei oppleving for han å være prest på Naustmessa og han var svært glad for å verte spurd. Dette sette han inn i sammenhengen då han meinte at det største trussamfunn i Norge er Julevennene, dei fyller kyrkjene spesielt på Julafta, sjølv vedkjenne han seg til Påskevennene, men overveier no å bli pinsevenn ved Bergset-nausta!. Og då er han i godt lag, for mange av dei som var der har delteke på alle Naust-messene.

Etter avslutta gudsteneste song Gunder-sen med rungande stemme ei hyllestvisе til dei som levde og overlevde på slike plassar som Skreddarplassen. Og den fargerike karen var ikkje verre enn at han drog til med "Dar kjem Dampen" då han stod på brygga for å ta båten tilbake til Innvik, songen som Ivar Medaas slo gjennom med på 1960-talet. Her fekk han alle, både ungar og vaksne, til å syngje med.



Slekt
skal følgje
slekters
gang



Oppstryn
Vigde:

15/8

Åslaug Olga Gjelsnes og Reidar Greidung

Døde:

1/7

Ivar Dårflot f. 1910

25/7

Marta I Guddal f. 1919

29/7

Borgny Julia Nesje f. 1918

Nedstryn
Døypte:

8/6

Theodor Kvamme Syversen.
For. Iselin Iversen Kvamme
og Geir Inge Muri Syversen

8/6

Molly Joyce Bergem Bø.
For. Emilie Clarie Bergem
og Endre Bø

8/6

Nikoline Skodjevåg.
For. Linda Hatlestad og Sigurd Skodjevåg

8/6

Lucas Lindset Riise.
For. Mari-Anne Lindset
og Ingemar Risse

29/6

Elina Aabrekk Lie.
For. Ann Elin Aabrekk Lie
og Kenneth Lie

13/7

Filip Andreas Sneesby.
For. Cecilie Bakken og Richard Park Sneesby

13/7

Tuva Frøholm Sagbakken.
For. Siri Frøholm og Trond Sagbakken

27/7

Kasper Egge Bø.
For. Kathrine Hool Egge
og Karl Olav Bø

27/7

Jonas Bjørnnes Skaare.
For. Siri Anita Bjørnnes
og Arve Skaare

10/8

Matheo Jevnehagen Otterdal.
For. Jorunn Marit Jevnehagen
og Paul Otterdal

10/8

Magnus Hayden Guddal.
For. Lene Hayden Taraldsen
og Are Hjelle Guddal

Vigde:

12/7

Hilde Andrine Eikenæs og Rasmus Gausemel

Døde:

20/7

Aagot Ingrid Hatledal f. 1918

28/7

Borghild Brendsdal f. 1932

Loen
Vigde:

28/7

Rakel Lunde f. 1917

3/8

Ola Lunde f. 1939

30/5

Karina Noe Brogaard
og Olav Skogen

5/7

Mona Ervik og Bjørnar André Årvik

12/7

Hilde Andrine Eikenæs
og Rasmus Gausemel

18/7

Hilde Hageland Kalvatn
og Aleksander Håheim Eidem

26/7

Marte Bergum og Thor André Fjellkårstad

Døde:

29/7

Oddvar Loen f. 1933

Hornindal
Døypte:

8/6

Isabella Rand Fagerheim.
For. Maja Fagerheim og Glenn Rand

13/7

Maria Muthoni Ngare Lødøen.
For. Britt Karin Lødøen
og Elias Ngare Kabiru

Vigde:

31/5

Randi Birgitte Rørvik
og Frode Lillestøl

Døde:

10/7

Olav Gunnar Kongsvik, f. 1920

28/7

Odd Løvliid, f. 1947

Randabygd
Døypte:

26/7

Elisabeth Normann Hellevang.
For. Kristin Normann
og Rolf Magne Aaland Hellevang

Vigde:

12/7

Anna Kirsten Hellevang
og Arve Helge Halstenslid

26/7

Kristin Normann og Rolf Magne Aaland Hellevang

Døde:

18/7

Bjarne Brendehaug f. 1935

Den nye rådmannen

har sagt ja til å vere leiar av ein redaksjonskomité for Kyrkjeklokka i Hornindal sokn!

Ho heiter Ann Kristin Lange-land bur på Hellesylt og dagpend- lar dei 20 km til Hornindal. Ho har verdifull erfaring frå kyrkjeleg arbeid og administrasjon, m. a. som ass. Kyrkjeverje i Bergen og konsulent på Bjørgvin Bispe- dømekontor. Bygd og kyrkjelyd har blitt skikkeleg glad i henne! *Bilde av henne på side 12.*

Komiteen er nedsett av sokne- rådet og består av fem personar. Dei møtest ein månad før fristen for stoff til *Kyrkjeklokka* går ut. Under møtet utvekslar vi tips til stoff frå Hornindal, og fordeler oppfølging.

Leiaren samlar inn stoffet og sender det samla til redaktøren i god tid før fristen går ut.

Dette er eit godt og nødvendig tiltak for å få fleire til å kjenne an- svar for stoff til kyrkjelydsbladet vårt.

Modellen kan truleg anbefalast for andre sokn/sokneråd der det går tregt å få inn stoff til redaktø- ren!




Sommar- vikaren

Gjennom programmet *Vegen til presteteneste* får mange studentar det første møtet sitt med korleis det er å arbeide i kyrkja. Bispedømmekontora spelar en viktig rolle i å motivere, førebu og rekruttere studentane til presteteneste i Den norske Kyrkja. I ferietida kvar sommar har vi i mange år hatt gleden av å bli kjende med fleire av desse.

Det var Lars Ljosland som var vikar for prestane i Indre Nordfjord i sommar.

Lars Ljosland kjem frå Grimstad. I oppveksten var han aktiv i Kristen Idrettskontakt (KRIK). Han spela volleyball, turna og dreiv med freerunning. Frirunning er løp, triks og turn der han nyttar elementa i byen. Han vurderte difor ei utdanning innan idrett, men han vart meir og meir interessert i ungdom, kultur og tru og han valde difor å verte prest. No går han på Menighetsfakultetet og er ferdig utdanna prest om 2 år. Han tek oppdrag som prest ved sidan av studia, og han gjer teneste i Storsalen i Oslo. Om sommaren er det fint å ta ferievikariat. Å vere prest handlar om å møte menneske, for det er fint å få prøve seg i det verkelege livet når ein studerer. Når ein har møtt menneske både i glede og sorg, så er det nyttige erfaringar som gjev studia eit nyttig



Lars Ljosland

perspektiv.

Lars Ljosland har vore i Nordfjord før. Han var ungdomsprest på Eid i 2 år og likte seg godt i Nordfjord. Då fekk han tid til å nyte den herlege naturen vi har. Han er kjærast med ei som går på same kullet som han. Om høvet byr seg så er han ikkje framand for tanken om å kome tilbake til Nordfjord.

No når vikartida er omme, vil han først og fremst takke for måten han har vorte motteken på. Han ser at det vert gjort mykje godt frivillig arbeid i kyrkja og han vil be om at vi held fram med det. Det er så viktig å bruke alle i kyrkja sitt arbeid. Alle har

noko dei kan bidra med - stort eller lite - alt er like viktig! Og så er det så viktig å heie på kvarandre og rose kvarandre. Ein får alltid noko att når ein brukar den ekstra kapasiteten ein har på andre, og han legg vekt på at vi må ta med born og unge i gudstenestearbeidet. Med den nye kyrkjeordninga er det viktig at dei lærer kyrkje å kjenne og får ei eigedoms-kjensle til kyrkja. Han ønskjer oss all lukke i det arbeidet.

Vi vil takke Lars Ljosland for tenesta han har gjort i Indre Nordfjord i sommar.

Brynhild Lund Notøy



Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje er du velkomen i nabokyrkja

6. september; Laurdag
-Loen 16:00 Katolsk messe

7. september; 13. s i treeiningstida – Matt 25, 14-30

-Nedstryn 11:00 Gudsteneste.
Ved Knut Gjengedal. Presentasjon av konfirmantane
-Innvik 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde. Presentasjon av konfirmantane
-Randabygd 11:00 Gudsteneste. Ved Mari Saltkjel. Presentasjon av konfirmantane

14. september; 14. s i treeiningstida – Matt 20, 1-16

-Oppstryn 11:00 Gudsteneste. Ved Jon Ytrehorn. Presentasjon av konfirmantane
-Olden 11:00 Gudsteneste. Ved kateket Beate Nes. Presentasjon av konfirmantane
-Nordsida 11:00 Gudsteneste. Ved Mari Saltkjel. Presentasjon av konfirmantane
-Loen 16:00 Katolsk messe

20. september; Laurdag
-Loen 16:00 Katolsk messe

21. september; 15. s i treeiningstida – Matt 7, 38-37

-Nedstryn 11:00 Misjonsgudsteneste. Ved Knut Gjengedal og Ingvald Frøyen. Kyrjekaffi
-Utvik 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde
-Hornindal 11:00 Hausttakkefest. Ved Mari Saltkjel. Utdeling av 4 og 6 årsbok

28. september; 16. s i treeiningstida – Mark 7, 31-37

-Loen 11:00 Hausttakkefest. Ved Knut Gjengedal. Presentasjon av konfirmantane. Utdeling av 6 årsbok
-Innvik 11:00 Hausttakkefest. Ved Harald Runde. Utdeling av 4 årsbok

og Bibel. Kyrjekaffi.
-Loen 16:00 Katolsk messe

5. oktober; 17. s i treeiningstida – Joh 11, 17-29 og 30-46

-Olden 11:00 Hausttakkefest. Ved Harald Runde.
-Nordsida 11:00 Hausttakkefest. Ved Mari Saltkjel. Utdeling av 4 og 6 årsbok
-Nedstryn 17:00 Gudsteneste. Ved Mari Saltkjel

12. oktober; 18. s i treeiningstida – Matt 8, 14-17

-Oppstryn 11:00 Hausttakkefest. Ved Knut Gjengedal. Utdeling av 6 årsbok
-Hornindal 11:00 Gudsteneste. Ved Mari Saltkjel
-Ljosheim, Oldedalen 16:00 Hausttakkefest. Ved Harald Runde

19. oktober; 19. s i treeiningstida – Matt 5, 20-26

-Nedstryn 11:00 Hausttakkefest. Ved Knut Gjengedal. Utdeling av 6 årsbok
-Utvik 11:00 Hausttakkefest. Ved Harald Runde
-Randabygd 11:00 Hausttakkefest. Ved Mari Saltkjel. Utdeling av 4 og 6 årsbok.

26. oktober; Bots- og bededag – Luk 13, 22-30

-Loen 11:00 Gudsteneste. Ved Knut Gjengedal
-Innvik 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde
-Olden 16:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde

2. november; Helgemessesøndag – Matt 5, 1-12

-Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Ved Knut Gjengedal
-Ljosheim 11:00 Jubileumsgudsteneste.

Ljosheim 90 år. Ved Harald Runde
-Nordsida 16:00 Lysmesse for Randabygd og Nordsida. Ved Mari Saltkjel
-Utvik 16:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde
-Hornindal 20:00 Lysmesse. Ved Mari Saltkjel

9. november; 22. s i treeiningstida – Matt 12, 33-37

-Loen 11:00 Gudsteneste. Ved Knut Gjengedal

16. november; 23. s i treeiningstida – Mark 10, 28-31

-Oppstryn 11:00 Lys Vaken. Ved Knut Gjengedal
-Olden 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde

22. november; laurdag
Nordsida 13:00 Julebasar

23. november; Domssøndagen / Kristi kongedag – Matt 25, 31-46

-Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde
-Hornindal 11:00 Lys Vaken. Ved Mari Saltkjel

30. november; 1. s i advent – Luk 4, 16-22a

-Nedstryn 11:00 Lys Vaken. Ved Knut Gjengedal
-Innvik 11:00 Adventsgudsteneste. Ved Harald Runde
-Nordsida 11:00 Gudsteneste. Ved Mari Saltkjel
-Olden 15:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde. Tårnagentane deltek



B Fulldistribusjon

Misjonsselskapet med haustmesse

31. oktober og 1. november 2014
på Betania, Nordfjordeid, begge dagar
kl. 11 – 16.

NMS si misjonsmesse i Betania på Eid er ei årviss tilstelling i månadsskiftet oktober/november. Her er det muleg å få kjøpt heimelaga matvarer og handarbeid, ta lodd på fine gevinstar og kose seg med ein kopp kaffi og god mat. Og ikkje minst kan du lytte til gode forkynnarar på bibeltimane begge dagar. Misjonsfesten laurdag etter middag er høgdepunktet.

Fredag 31. oktober:
Kl. 11: Messa opnar

13: Bibeltide v/Ingvald Frøyen
16: Messedørene stengjer

Laurdag 1. november:

Kl. 11: Messa opnar
12: Bibeltide v/Kirsti Sørnes
15: Misjonsfest med song- og musikkinnslag, m.a. Nordsida barnegospel. Festtale v/Toril Lange. Bevertning.

Velkomne til trivelege dagar der du støttar misjonen!

*Arr: Nordfjord område av
Det Norske Misjonsselskap (NMS)*



Almenningen 1, Nordfjordeid,
tlf. 970 75 065

Ope for sal og mottak av varer
mandag, tysdag, onsdag og
fredag kl.11-15,
torsdag kl.11-16.30,
laurdag kl.11-14.00

Dette er ei påminning om

Frivilligprisen 2014 og Kyrkjedagen 18.10. 2014, og vi minner om dei to fristane:

FRIVILLIGPRISEN

Frist for å fremje kandidatar til Frivilligprisen 2014 er 15.09.14.
Bruk helst e-postadressa:
sigurd.vengen@gmail.com,
eller post-adressa:
Nordfjord prostiråd
v/ sekr. Sigurd Vengen,
Breimsvegen 13, 6823 Sandane.

KYRKJEDAGEN

Frist for påmelding til Kyrkjedagen er 13.10.14 kl. 12.00 til kvart kyrkjekontor. Det betyr at det skal gå samla melding frå kvart kyrkje-kontor til Eid kyrkjekontor den same dagen og før vanleg kontortid er over.

Ver med å motivere for å fremje kandidatar, og til å delta på Kyrkjedagen!

Venleg helsing
seniorprest Sigurd Vengen
- med Gud og godt humør -

Adr: Breimsvegen 13, 6823 Sandane
Tlf. 480 96 093

KAFFEKROKEN



Neste nummer vert distribuert i posten 20. november. Redaktør for det er Knut Sigurd Gald.
Stoff kan sendast på e-post til post@kyrkjeklokka.no innan 24. oktober.